

Norwegen historiesenter
v/Marit Vea

Landa i Vats 30.03.2008

Kulturstigar – Norge.

Underskrivne sende eit hefte i si tid til dykk – det hadde tittelen DEN GRYANDE RIKSSTYINGA ETTER HARALD HÅRFAGRE SITT VERK : NORGE – VEGEN MOT nord - det var om Landagardane i Norge og deira funksjon i ulike delar av landet.

Me har no planar om å laga til ein plan over ein kulturstig frå garden Landa til fjells og me har tenkt å presentera Landa som ein av desse gardane.

Landa ligg i Vass skipreide som rimeleg fekk eit visst ansvar i desse båtdraga me hadde her inne på den tida – den såkalla "indre leia".

For å få sett det heile i perspektiv, ville det vore flott om Norge historiesenter kunne vore med i dette? Det er rimeleg at Vass skipreide var skipa i dette område just med tanke på å halda styr på dei tre draga me hadde her frå Sandeid til Meland i Skjold. Dette var nemleg området til Vass skipreide.

Me ser for oss skilting av ein evt kulturstig som skulle vera open for puplikum, der dei samstundes fekk historiekunnskapar.

Samstundes ville truleg dette bli ein unik plass for skule-klassar for både kunnskap og mosjon. Stigen kunne bli ekskursjonsmål for meir enn eitt fag. Langs denne stigen vil me finna både geologiske og andre fenomenar i rikt mål.

Dette kunne vidare kanskje bli sponsa av Karmøy fabrikkar i samband med skilt (aluminium) som ein kunne fått på plass ved sentale plassar.

Vedlagt ligg råutkastet til den planen eller planane me har tenkt på.

Kva seier de?

Med venleg helsing

Jørgen Landa - dagleg leiar

Vedlegg

Plan for Landa -fjellet

Plan for Blikra -fjellet